

Nordfjord vassområde



Prosjektgruppa Nordfjord vassområde 9.3.2017

Tid: torsdag 9. mars 2017 kl. 9:15 – 12:15

Stad: Eid vg skule, møterom Sophus Lie

Frammøtte:

Odd Rønningen, Stryn kommune

Kristian Nave, Selje kommune

Sigmund Larsen, Bremanger kommune (møtte for Bjørn Henry Marthinussen)

Per Ove Fossheim, Gloppen kommune

Staffan Hjohlman, prosjektleiar

Ikke møtt:

Stanislawa Voldsund, Eid kommune

Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune

Ståle Hatlelid, Hornindal kommune

Solfrid Trå, Jølster kommune

1 – 2017 Plan for overvaking 2017

For å ta vassprøver om våren (mars-april) er det på høg tid å tinge flasker og analysar med VestfoldLAB, som fylkeskommunen har rammeavtale med. Staffan har satt opp eit forslag og fått innspel på møte med Fylkesmannen 17. og 20. februar. Framlegget vart gjennomgått med dei dei einskilde kommunane no i møtet med prosjektgruppa, og kommentarar og endeleg tal prøver i 2017 vart ført inn på vedlagte rekneark. Staffan vil ta kontakt med kommunane som hade forfall for tilsvarande gjennomgang.

I nokre elvar kan det også vere aktuelt å ta prøvar av algebegroing. Det vart ikkje tid på dette møtet til å sette opp plan for dette.

2 – 2017 Forespørsel om å støtte overvakingsprosjektete KLAFF

KLAFF (KunnskapLaksAureForvaltningFiske) er eit prosjekt som Stryn elveeigarlag har teke initiativ til. Dei har sendt ein uformell førespurnad til Sogn og Fjordane fylkeskommune om å støtte prosjektet, og denne er vidare sendt til Nordfjord vassområde v/prosjektleiar.

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Stryn Elveeigarlag, K. Strømmen Lakseoppdrett AS, Nordfjord Laks AS, Marine Harvest Norway AS, Selstad/Coast Seafood, NN, Veterinærinstituttet, NTNU, NINA, UNIMiljø, INAQ AS og NMBU.

Prosjektansvarleg Professor Thron Odvar Haugen, NMBU.

Prosjekteigar Stryn Elveeigarlag

Prosjektleiar Henning Andre Urke, Seniorrådgjevar, INAQ AS

Nordfjord vassområde

Prosjektet omfattar kartlegging/utgreiing av leveområde/oppveksforhold, gyteområde, habitatforbetrande tiltak i vassdraget, yngel- og ungfiskproduksjon, gytefisk, vandringsmønster til laks og sjøaure, smittepress av lakselus, slektskap mellom sjøaurebestandar.



Prosjektet er for ein stor del finansiert med eigeninnsats frå aktørane. Akvakulturnæringa er nemnt som mulege bidragsytarar, i tillegg til Fylkesmannen og fylkeskommunen.

Prosjektgruppa ser verdien av prosjektet for forvaltninga av fiskeressursane og ser positivt på at Stryn elveeigarlag har teke initiativ, men meiner at støtte av prosjektet fell på sida av den vedtekne bruken av vassområdet sine midlar. Prosjektleiari melder dette standpunktet tilbake til vassregionstyresmakta v/ Merete Farstad.

09.03.2017

Staffan Hjøhlman
ref